

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND FREDAG 8. NOVEMBER KL. 10-13
MATRE GJESTETUN, KVINNHERAD****Desse møtte:**

Morten Storebø	Austevoll kommune
Sammy Olsen	Bømlo kommune
Aud-Gunn Løklingholm	Bømlo kommune
Mette Heidi B. Ekheim	Etne kommune
Hilde Aa. Haraldseide	Etne kommune
Harald Rydland	Fitjar kommune
Hans Inge Myrvold	Kvinnherad kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune
Gaute S. Epland	Stord kommune
Magnus Mjør	Stord kommune
Linn Therese Erve	Sveio kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune

Frå administrasjonen møtte:

Gro Jensen Gjerde
Reidun Rykkje

Jon Agnar Leirvik, studentpraktikant i Tysnes kommune deltok i møte.

Forfall:

Bjarte Madsen, Austevoll kommune – Olaug Haugen, Fitjar kommune – Steinar Dalland, Tysnes kommune.

Då var føre:

Sak 41/19	Godkjenning av referat frå møte 13 september d.å
Sak 42/19	Deltaking i felles prosess for utforming av avtalar mellom regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune
Sak 43/19	Framlegg til innstilling nytt styret 2019-2021
Sak 44/19	Framlegg til innstilling ny representantskapsleiar 2019-2021
Sak 45/19	Framlegg til budsjett 2020
Sak 46/19	Framlegg til møteplan 2020
Sak 47/19	Skriv og meldingar
	a) Julemøte 5-6 desember
	b) Berekraftig reisemål
	c) Miljøfyrtårn sertifisering
	d) Prosjekt mot forsøpling
	e) Strategi Hordfast
	f) Planretningslinjer for strandsona
	g) Autopass på ferjer
	h) Tingrettane
	i) Kraftskatteutvalet

Sak 48/19

Ymse

- a) Havbruksskatteutvalet
- b) Sunnhordlandsdiagonalen
- c) NTP

Sunnhordland, 11. november 2019

Gro Jensen Gjerde
Dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND FREDAG 8 NOVEMBER 2019
KL. 10.00-13.00 PÅ MATRE GJESTETUN, KVINNHERAD**

Sak 41/19 Godkjenning av referat frå møte 13 september d.å

Samrøystes vedtak.

Sak 42/19 Deltaking i felles prosess for utforming av avtalar mellom regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet er positive til å delta i ein fellesprosess for utvikling av samhandling mellom regionråda og Vestland fylkeskommune under føresetnad av at:

- Avtalar og samhandling mellom regionråd og fylkeskommune ikkje skal vera ein erstatning for kontakten mellom kommunane og fylkeskommunen.
- Avtalane ikkje må føra til ei overstyring av kommunane.
- Regionale / fylkeskommunale planar ikkje må tvinga kommunane i kne, dvs konsekvensar av fylkesplanar. Døme Plan for senterstruktur og Interkommunal kystsoneplan.
- Vestland må spela på lag med regionråda, og bruka dei aktiv i høve til gode utviklingsprosjekt med mål om utvikling i distrikta.
- At partnerskapsavtalen vert følgd opp med ei økonomisk ramme.

På møte:

Det vart i møte sett fram forslag om å fjerna strek punkt 3.

Det vart i møte sett fram forslag om nytt strek punkt 3, der det kjem fram at regionrådet er kommunane sitt organ.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Samarbeidsrådet er positive til å delta i ein fellesprosess for utvikling av samhandling mellom regionråda og Vestland fylkeskommune under føresetnad av at:

- Avtalar og samhandling mellom regionråd og fylkeskommune ikkje skal vera ein erstatning for kontakten mellom kommunane og fylkeskommunen.
- Avtalane ikkje må føra til ei overstyring av kommunane.
- Regionrådet er kommunane sitt organ.
- Vestland må spela på lag med regionråda, og bruka dei aktiv i høve til gode utviklingsprosjekt med mål om utvikling i distrikta.
- At partnerskapsavtalen vert følgd opp med ei økonomisk ramme.

Sak 43/19 Framlegg til innstilling nytt styret 2019-2021

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek framlegg til nytt styret til orientering.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 44/19

Framlegg til innstilling ny representantskapsleiar 2019-2021

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek framlegg til ny representantskapsleiar til orientering.

På møte:

Det vart i møte orientert om at Etne kommune har forslag på Siri Klokkestuen som ny representantskapsleiar.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 45/19

Framlegg til budsjett 2020

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek budsjetta for 2020 til orientering

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 46/19

Framlegg til møteplan 2020

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner møteplan for 2020.

På møte:

I møte vart ein samde om at det er ønskeleg med eit eiga møte med stortingsrepr/departement . Forslag til dato er 27. og 28 januar.

Det vart i møte sett fram forslag om å endra forslag til møte 6 mars til 28. februar, på grunn av Haugalandskonferansen som er planlagt 6 mars.

Møte med Haugalandrådet vart føreslege til 5 juni.

I tillegg vil ein finne tid til møte med Atheno i løpet av første halvår.

VEDTAK:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner møteplan for 2020 med dei innspela som kom i møte.

VÅR 2020

Møter	Jan	febr	Mars	April	Mai	Juni
Arbeidsutvalsmøte	24					
Samarbeidsrådet for Sunnhordland		7				
Møte med stortingsrepr/departement i Oslo	27-28					
Arbeidsutvalsmøte		28				
Fylkestingsrepr/stortingsrepr frå Shl.		28				
Samarbeidsrådet for Sunnhordland			20			
Representantskapsmøte				24		
Arbeidsutvalsmøte					22	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland						5
Møte med Haugalandrådet						5

7. februar – Austevoll

20. mars – Tysnes

24 april – Sveio

5. juni – Fitjar (her må ein avtale nærare med Haugalandrådet)

HAUST 2020

Møter	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Arbeidsutvalsmøte	21				
Samarbeidsrådet for Sunnhordland		4			
Arbeidsutvalsmøte			2		
Fylkestingsrepr/stortingsrepr frå Shl.			2		
Samarbeidsrådet for Sunnhordland			16		
Arbeidsutvalsmøte				20	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland					3-4

4. september – Etne

16. oktober – Bømlo

3-4 desember - Kvinnherad

Sak 47/19**Skriv og meldingar**

- a) Julemøte 5-6 desember
- b) Berekraftig reisemål
- c) Miljøfyrtårn sertifisering
- d) Prosjekt mot forsøpling
- e) Strategi Hordfast
- f) Planretningslinjer for strandsona
- g) Autopass på ferjer
- h) Tingrettane
- i) Kraftskattutvalet

På møte:**a) Julemøte 5-6 desember**

Det vart i møte bestemt at ein skal ha fokus på beredskap i Representantskapsmøte 6 desember. Her vert Kystverket, Sjøfartsdirektoratet, Vest brann og redning og Fylkesmannen invitert. Torsdag 5.des. skal fokus vera Nasjonal Transportplan.

c) Miljøfyrtårn sertifisering

Det vart i møte orientert om at fylkeskommunen har løyvd kr. 350 000 ekstra til prosessen for å få kommunane miljøfyrtårnsertifisert. Totalt har fylkeskommunen løyvd kr. 526 250. Administrasjonen vil lage ein oversikt over kor mykje kvar einskild kommune vil få dekkja av sine kostnader.

d) Prosjekt mot forsøpling

Administrasjonen skal ha møte med SIM 12 november der ein skal drøfta prosjektet. Det vert gitt ei orientering i møte 5 desember.

e) Strategi Hordfast

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeida ein strategi for Samarbeidsrådet sitt arbeid for å få realisert E39 Hordfast. Grappa består av ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune, ordførar Gaute S. Epland, Stord kommune og ordførar og styreleiar Morten Storebø og dagleg leiar Gro Jensen Gjerde. Grappa har ikkje hatt møte enno, men vil leggja fram innspel i høve til NTP på møte 5. desember.

f) Planretningslinjer for strandsona

Orienteringa vart utsett til møte 5. desember.

g) Autopass på ferjer

Ordførar Kåre Martin Kleppe orienterte om, og gav døme på konsekvensane av innføring av autopass, og stilte spørsmål om Samarbeidsrådet kan gjera ein jobb med å få synleggjort kor store kostnader det er blitt på dei ulike sambanda.

Ordførar Morten Storebø hadde laga ein oversikt i 2018, som må oppdaterast.

h) Tingrettane

I møte drøfta ein korleis Samarbeidsrådet skal arbeida vidare med denne saka. Sorenskrivaren i Sunnhordland tingrett er konstituert fram til 31.12.19.

Arbeidsgruppa som er nedsett skal laga ein strategi for korleis rådet skal arbeida vidare med å sikra Sunnhordland tingrett.

Det vil verta lagt fram sak til Samarbeidsrådet 5 desember. Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune går inn i gruppa i staden for Odd Harald Hovland.

i) Kraftskatteutvalet

Kjetil Harestad frå SKL orienterte om konsekvensar av Kraftskatteutvalet sin rapport «Skattlegging av vannkraftverk»

Kommunane dette gjeld vil gje innspel til administrasjonen som vil utarbeida eit forslag til felles uttale frå Samarbeidsrådet til møte 5 desember.

Presentasjonen til Kjetil Harestad ligg vedlagt referatet.

Sak 48/19

Ymse

a) Havbruksskatteutvalet

Ordførar Kåre Martin Kleppe orienterte om forslaget frå Havbruksskatteutvalet om skattlegging av oppdrettsnæringa.

Vert dette ein realitet vil ein av konsekvensane vera at det vert mindre midlar tilbakeført til kommunane i Sunnhordland. Framlegget er på høyring med høyringsfrist 31.12., men kommunane er ikkje høyringsinstans.

Samarbeidsrådet vil utarbeida eit forslag til felles uttale frå regionrådet. Uttalen vert lagt fram til godkjenning i møte 5 desember.

Dette må og vera eit tema når Samarbeidsrådet er i Oslo 27 og 28 januar.

b) Sunnhordlandsdiagonalen

Kjartan Thoresen frå Kvinnherad kommune orienterte om status i arbeidet.

Kommunane Stord, Tysnes og Kvinnherad har til saman løyvd ca 1.mill . for å få utarbeid ein rapport om Sunnhordlandsdiagonalen. Prosjektet er no klart til å leggast ut på Doffin.

c) NTP

Proessen mot ny NTP vart drøfta i møte. Det er viktig at Samarbeidsrådet sikrar dei store samferdselsprosjekta i regionen. Ein vart samde om å ta saka opp att i møte 5 desember, der ein syner prosessen og drøftar vidare framdrift.